# Vedlegg 5
# Kommunedelplan for byggeråstoff

## KU-vurdering av
## ressursar, innspel
## og område i kommuneplanens arealdel

INNHALD:

Innleiing ..... 3
Naturstein ..... 7
Ressurs RS3/6N – Kåda, Randøy ..... 7
Ressurs RS7 – Mjølhus - Hjelmeland ..... 9
Ressurs RS1- Kleppaheia, Hjelmeland ..... 11
Pukk ..... 13
Ressurs1P /innspel 5 – Jøsneset ..... 13
Ressurs 7P – Dyneneset - Hjelmeland ..... 17
Ressurs 8P – Dalevika - Randøy ..... 20
Ressurs 13P – Heståsen - Grønvik ..... 23
Innspel 4 – Vadla - Jøsenfjorden ..... 26
16P - Sandanger, Randøy ..... 29
Grus og sand ..... 31
Ressurs1G og innspel 3 samt del av innspel 1 og 2 – Jøsenfjorden – gnr 27/5 og 28/6 ..... 31
Ressurs1G - del av innspel 2 Jøsenfjorden –28/1 ..... 35
Ressurs 3G – Litlemoen (Moen) og Innspel 1– Jøsenfjorden – gnr 27/3, 28/3 mfl ..... 39
Ressurs 2G – Hauga – Jøsenfjorden – gnr 30 og 32 ..... 42
Ressurs 6G – Kromshagen og RS8– Jøsenfjorden ..... 45
Ressurs 9G - Vikemoen – Vormedalen ..... 48
Ressurs 12G – Laugalandsbrekka i Vormedalen – gnr 45/6 ..... 51
Ressurs 20G – Tysdal Årdal ..... 54
Ressurs 21G – Årdal, Innspel 6 vestre del og Framtidig Råstoff RS10 ..... 57
Ressurs 21G – Årdal, Innspel 6 austre del ..... 61
Ressurs 23G – Soppaland Årdal, Innspel 6 Tjentland ..... 65
Austre del av 25G – Riveland – Årdal – jf kommunestyrevedtak ..... 67

# Innleiing

Dette er ei grov, overordna konsekvensutgreiing av kartlagde råstoffressursar av Norges geologiske undersøkelser (NGU), mottekne innspel i samband med Kommunedelplan for byggeråstoff og massedeponi og område som er lagt inn i kommuneplanens arealdel som framtidig råstoffutvinning (der uttak eller reguleringsplan ikkje er i gongsett).

Vurderingane er gjort med utgangspunkt i kjent kunnskap frå offentleg stadfesta geografisk informasjon, hovudsakleg Temakart Rogaland. Sjå oversikt tema, datagrunnlag og vurderingsgrunnlag i tabell under.

Det er òg gjort nokre vurderingar basert på lokalkunnskap og visuell vurdering vha ortofoto, googlemaps ol. Det er ikkje føreteke synfaring ut i terrenget. Kunnskapsgrunnlaget er ikkje komplett, kvalitet på kunnskapen kan variere både i innhald og i forhold til registreringstidspunkt.

Utgreiinga er kun basert på overflatekart, og ein har manglande kunnskap om driftsomfang, driftsteknikk, sjølve inngrepet, og til dels manglande eller lite informasjon om sjølve ressursen.

I konsekvensutgreiinga er kvart innspel vist med kart og nøkkelinformasjon og vurdert i høve til konsekvensar for miljø og samfunn. Verknadane av uttak i dei enkelte ressurs- og eller innspelsområda er stilt opp i tabell med fargeinndeling som illustrerer konfliktgraden.

Utgreiinga legg grunnlag for korleis ein skal handtere ressurs- eller innspelsområdet i det vidare planarbeidet. Det gir **ikkje** grunnlag for frigjeving av areal, eller automatisk innarbeiding i kommuneplanens arealdel.

Det vil vere naudsynt å skaffe meir kunnskap om dei lokalitetane ein tilrår å vurdere å ta med vidare i dette planarbeidet, og for eventuell vidareføring i kommuneplanens arealdel.

**Bruken av fargane er som følgjer:**

| |
|---|
| Ingen/liten konflikt |
| Middels konflikt: Bør tas omsyn til eller eventuelt utgreiast nærare i kommuneplanen sin arealdel, og/ eller på reguleringsplannivå. |
| Sterk konflikt: Konflikt med statlege og regionale føringar, fareområde, sårbarheit og risiko (ROS). |
| Ikkje vurdert på grunn av manglande data eller ikkje relevant for innspelet. |

**Samla vurdering:**

Fargebruk i samla vurdering syner ikkje nødvendigvis eit gjennomsnitt av dei ulike tema, men syner ei totalvurdering av førekomsten der enkelte tema kan ha vorte vekta høgare enn andre.

**Følgjande tema og datagrunnlag er brukt:**

| Nr | KU-kategori | Datagrunnlag | Vurderingsgrunnlag |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | Skog og landskap: AR5<br><br>Ortofoto<br><br>Dyrkbart<br><br>Temakart Rogaland | Jordbruk er ofte etablert på eller nært inntil områder med rike sand- og grusførekomstar. Konflikt mellom masseuttak og landbruk må vurderast i kvart enkelte tilfelle<br><br>Vurdere tilbakeføring til og forbedring av landbruksareal samt inntekt frå sal av sand og grus som kan være svært positivt for landbruket som næring på sikt |
| 2 | Skogbruk | Arealressurskart (AR5),<br><br>Skogbruksplaner | Bonitet og næringspotensialet: størrelse, beliggenhet, treslag. |
| 3 | Naturverdiar/ Naturmangfald | Direktoratet for naturforvaltning (DN)/Natur i Norge (NiN) Artsdatabasen: Naturdatabasen<br><br>Kommuneplanens arealdel: Omsynssone bevaring natur | Uttaksområder vurderes opp mot forholdet til inngrepsfrie områder, områder vernet etter naturmangfaldlova, geologisk arv, samt prioriterte naturtyper.<br><br>Uttaksområder vurderes også opp mot ev kartlagde raudlistearter og anadrome fiskestrekninger. |
| 4 | Vilt | Viltvald | Uttaksområder vurderes opp mot viltverdier i området. |
| 5 | Landskap/ kulturlandskap | Nasjonal registrering av kulturlandskap<br><br>Kartleggingsrapport – Rogaland fylkeskommune: Vakre landskap i Rogaland<br><br>KULA- registrering: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse<br><br>Kommuneplanens arealdel Omsynssone kulturlandskap/kulturmiljø<br><br>Direktoratet for naturforvaltning (DN)/Natur i Norge (NiN) Artsdatabasen: Naturdatabasen<br><br>Statens kartverk: Topografiske kart + flyfoto + høydemodell | Uttaksområder vert vurdert opp mot viktig kulturlandskap.<br><br>Kva som er karakteristisk, identitetsskapande og verdifullt ved landskapet<br><br>Terrengformer kan ha særleg verdi i form av kvartærgeologiske prosesser eller kulturhistorie. |
| 6 | Vannmiljø | NVE: Vann-nett. | Uttaksområder vurderes opp mot verna vassdrag. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Verna vassdrag.<br><br>Statsforvalteren: Vanntilstand risiko | Anadrome fiskestrekninger og vanntilstand i vassdrag. |
| 7 | Kulturminner | Riksantikvaren:<br>Sefrak, register for bygningar bygd før 1900<br><br>Kulturminnebasen:<br>Automatisk freda kulturminner<br><br>Kommuneplanens arealdel<br>Båndlegging etter lov om kulturminner. | Uttaksområder vurderes opp mot om kulturminner må fjernes, kan verte skada eller skjemma, eller kan komme ut av sin historiske samanheng vil være i konflikt. |
| 8 | Friluftsliv | Temakart: Kartlagde friluftsområde, Temakart Rogaland<br><br>Lokalkunnskap | Det vurderes om uttaksområdene kjem i konflikt med kjende utfartsstadar, friluftslivsområder, stinett |
| 9 | 100-m beltet | 100-m beltet frå sjø har særskild vern i plan- og bygningslova | Avstand til sjø |
| 10 | Nærmiljø/ bomiljø<br><br>Støy, støv, rystelsar mm. | Statens kartverk:<br>Bustadområder, barnehage/skule, næring,<br><br>Kommuneplanens arealdel<br>Tettstadar, hytteområder, framtidig utbyggingsområder | Området vurderes i forhold til potensielle ulemper for eksisterende og planlagt bebyggelse. |
| 11 | Nærmiljø/ Transport | Kommuneplanens arealdel/ reguleringsplaner: Tettstadar, hytteområder, framtidige utbyggingsområder | Det vurderes her om transportrute fra uttaksområde til hovedvegnett går gjennom bustadområder |
| 12 | Trafikk-tryggleik | Temakart Rogaland – samferdsel<br><br>Kartlagd vegstatus og g/s-veg | Det skal vurderes hvordan trafikksikkerhet for kjørende / gående / syklende på adkomstveg til og fra hovedveg ivaretas. |
| 13 | Anna infrastruktur<br><br>Veg, vatn, avløp, høgspent | Temakart Rogaland<br><br>VA base<br>Vegbase | Kjem uttaksområdet i konflikt med anna infrastruktur |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 14 | Grunnforhold / marin grense | NVE/ Temakart Rogaland Aktsemdkart kvikkleire | Vurdere fare for ustabil grunn |
| 15 | Flaum/skred | NVE: Aktsomhetskart skred, flaum | Fare for ras og flaum vert vurdert |
| 16 | Beliggenhet/<br><br>Framkomst | Kommunekart, Statens vegvesen | Målt avstand til næraste industrikai, fylkesveg/riksveg.<br><br>Vurdering i forhold eksisterande infrastruktur for foredling. |
| 17 | Andre næringsinteresser | Kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar | Uttak må vurderast i forhold til konfliktgrad/ konsekvens i forhold til anna eksisterande og planlagt næringsverksemd. |
| 18 | Naturressurs | NGU: Registrering og verdsetjing av førekomstar i Hjelmeland kommune.<br><br>Regionalplan for byggeråstoff | Følger NGUs verdsetjing |
| 19 | Etterbruk | | Det vert vurdert om området kan nyttast til andre føremål etter endt uttak |

# Naturstein

## Ressurs RS3/6N – Kåda, Randøy







| | |
|---|---|
| Eigedom | 88/1 og 2 |
| Storleik ressurs | 55 daa |
| Kommuneplanens arealdel | -Framtidig råstoffutvinning, RS3<br><br>-Omsynssone bevaring av naturmiljø |
| Innspel | Nei |
| Skildring av området. | Ligg i sørskråningen sør for Randåsen. Har vore eldre steinbrot/uttak av hellestein skifer i området |
| NGU si skildring av ressursen | Bruddområdet ligger på Randøy i åssiden rett NØ for gårdene Kåda. Det ble tatt ut tun- og takheller lenge før århundreskiftet. Omkring 1900 drev tre Bergensfirma dette og bruddene ved Randa og Sandanger med en arbeidsstokk på ialt 80 mann. Produksjonen var dengang hovedsakelig takstein og mye gikk til gjennoppbyggingen av Ålesund.<br>Fra 1923 var bruddet leilighetsvis i drift. I 1974-75 forsøkte entreprenør Jan Espeland drift etter at det var bygget vei fram til forekomsten.<br>På grunn av tett oppsprekking var skiferen også egnet til murstein, som kunne plukkes direkte fra skrothaugene.<br>Bruddene ligger langsetter en 200-300 m lang sone med mektighet på 25 m. Spaltbarheten er tildels dårlig på grunn av svakt utviklede glimmersjikt. Også andre faktorer ødelegger kvaliteten som oppsprekking, små forkastninger og folding. Da det utvilsomt er sammenheng mellom bruddene Randa og Sandanger skal en ikke avskrive mulighetene for brukbar skifer i området, selv om kvaliteten i bruddet er variabel.<br>Det skulle også være mulig å ta ut murestein herfra, men potensialet er ikke undersøkt i detalj. |

| | Tema | Konflikt grad | Vurdering |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Ikkje dyrka mark innanfor området |
| 2 | Skogbruk | | |
| 3 | Naturverdier/ naturmangfald | | Kystfuruskog, svært viktig |
| 4 | Vilt | | |
| 5 | Landskap/kulturlandskap | | Inngår i « Fisterøyene og vestlige deler av Fogn», Verdi nasjonalt viktig landskap jf. Vakre landskap Rogaland |
| 6 | Vannmiljø | | Renn ein liten bekk like aust for ressursområdet |
| 7 | Kulturminner | | |
| 8 | Friluftsliv | | Merka tursti til Randåsen, like sør for ressursområdet |
| 9 | 100m-beltet | | |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, støv, rystelsar oa | | Om lag 300 m til næraste bustad. Ressursområdet ligg høgare i terrenget. |
| 11 | Nærmiljø/Transport | | Ligg nær til tilkomstveg RandøyStein, med evt mogleg tilkopling |
| 12 | Trafikksikkerhet | | Uttransportering på fylkesveg utan g/s-veg |
| 13 | Anna infrastruktur<br>Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Ingenting registrert |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Over marin grensen |
| 15 | Flaum/skred | | Aktsemdsone snøskred og steinsprang, |
| 16 | Beliggenhet/Framkomst<br>Avstand til næraste utskipingskai | | Ca 25 km til kai i Årdal. Men transport med bil er truleg meir relevant. |
| 17 | Andre næringsinteresser | | |
| 18 | Naturressurs | | Usikkert ifl NGU |
| 19 | Etterbruk | | Uklart, truleg tilbakeføring skog |
| | Samla Vurdering | | |
| | | Konflikt med kartlagd naturkvalitetet med høg verdi. Har vore inne i kommuneplanens arealdel i fleire planperiodar utan interesse eller realisering.<br><br>Tilrår å ikkje gå vidare med den i planarbeidet, og ta RS3 ut av kommuneplanens arealdel som framtidig råstoffutvinningsområde | |

## Ressurs RS7 – Mjølhus - Hjelmeland







| | |
|---|---|
| Eigedom | 70/3 |
| Storleik ressurs | 39daa |
| Kommuneplanens arealdel | Framtidig råstoff – RS7. Området kom inn i kommuneplanens arealdel 2011. *«Steinbrot»* |
| Innspel | Nei. |
| Skildring av området. | Området ligg i gjeldande kommuneplanens arealdel som framtidig uttaksområde utan at det ligg i NGU sin oversikt. Området ligg i skog. |
| NGU si skildring av ressursen | Ikkje registrert i NGU si oversikt |

| | Tema | Konflikt grad | Vurdering |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Heile lokaliteten består av skogsområde. |
| 2 | Skogbruk | | Hovudsakleg lauvskog, noko barskog |
| 3 | Naturverdier/ naturmangfald | | Ingen registreringar |
| 4 | Vilt | | Viltområde hjort, lokaliteten er del av større område, del av elg, rådyr og hjortevald |
| 5 | Landskap/kulturlandskap | | Middels kupert år- og fjellandskap under skoggrensen. Ingen registrering av verdifulle landskap. |
| 6 | Vannmiljø | | Renn ein bekk/elv i utkanten av lokaliteten. |
| 7 | Kulturminner | | Ingen registrerte |
| 8 | Friluftsliv | | Ingen merka stier eller stiar synt i kart |
| 9 | 100m-beltet | | Lokaliteten ligg utanfor 100metersbeltet. |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, støv, rystelsar oa | | Om lag 300m frå næraste bustad |
| 11 | Nærmiljø/Transport | | Ikkje eksisterande tilkomst. Kan etablerast direkte til rv 13. |
| 12 | Trafikksikkerhet | | Usikkert kor massane skal fraktast. Vil nok uansett kome ut på RV 13 på eit strekk der det ikkje er g/s-veg |
| 13 | Anna infrastruktur<br>Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Ingen konflikt |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Over marin grense. |
| 15 | Flaum/skred | | Ingen flaumfare. Aktsemdområde for snøskred |
| 16 | Beliggenhet/Framkomst<br>Avstand til næraste utskipingskai | | 350 meter i luftlinje til rv 13. Ikkje eksisterande veg. Tilkomstveg vil truleg gå over innmarksbeite.<br>12 km til Årdal. |
| 17 | Andre næringsinteresser | | Ingen kjend konflikt |
| 18 | Naturressurs | | Har ingen informasjon om ressursen |
| 19 | Etterbruk | | Har ingen informasjon om etterbruk |
| | Samla Vurdering | | |
| | | Det er ikkje store konfliktar i området, men ressursen er truleg liten og ein har lite kunnskap om den. Har vore inne i kommuneplanens arealdel sidan 2011 utan å bli realisert.<br><br>Tilrår å ikkje gå vidare med den i planarbeidet, og ta RS7 ut av kommuneplanens arealdel som råstoffutvinningsområde | |

## Ressurs RS1- Kleppaheia, Hjelmeland







| | |
|---|---|
| Eigedom | 64/3 |
| Storleik ressurs | 22 daa |
| Kommuneplanens arealdel | Framtidig råstoff – RS1. Har ligge i kommuneplanens arealdel frå 2006. *«Steinbrot, Plankrav det m.a. landskapsomsyn og avbøtande tiltak for ev risiko skal sikrast»* |
| Innspel | Nei |
| Skildring av området. | Området ligg i eksisterande kommuneplanens arealdel som framtidig uttaksområde utan at det ligg i NGU sin oversikt. Området ligg i skog. |
| NGU si skildring av ressursen | Ikkje registrert i NGU si oversikt |

| Nr | KU-kategori | Konflikt grad | Vurderingsgrunnlag |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Heile lokaliteten ligg i skogsområde. |
| 2 | Skogbruk | | Hovudsakleg lauvskog |
| 3 | Naturverdier/ Naturmangfald | | Naturtypelokalitet Nordvendte kystberg og blokkmark (viktig) like nordvest for lokaliteten. Ingen kartlagde naturverdiar registrert i sjølve lokaliteten. |
| 4 | Vilt | | Del av rådyr-og hjortevald |
| 5 | Landskap/ Kulturlandskap | | Ingen registrering i Vakre landskap Rogaland. Lokaliteten ligg høgt i åsen, og relativt eksponert mot vest.<br>Ingen kjende kulturlandskapselement. |
| 6 | Vannmiljø | | Ingen registrering. |
| 7 | Kulturminner | | Ingen registrerte kulturminner. |
| 8 | Friluftsliv | | Ingen merka stiar. |
| 9 | 100-m beltet | | Lokaliteten ligg utanfor 100metersbeltet. |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, støv, rystelsar mm. | | 250 til næraste bustadhus. |
| 11 | Nærmiljø/ Transport | | Ikkje etablert veg. 120 m i luftlinje til RV 13. Usikkert kor det kan vere relevant å opparbeide vegtilkomst. Har ingen informasjon om transport |
| 12 | Trafikk-sikkerhet | | Dersom veg direkte til Rv 13 kan transport skje utanom bustadområde. |
| 13 | Anna infrastruktur<br>Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Ingenting registrert |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Ikkje fare for kvikkleire. |
| 15 | Flaum/skred | | Ingen registrert flaum og/eller skredfare |
| 16 | Beliggenhet/<br>Framkomst | | Usikkert korleis tilkomst kan løysast |
| 17 | Andre næringsinteresser | | |
| 18 | Naturressurs | | Ingen informasjon om ressursen (omfang, kvalitet) |
| 19 | Etterbruk | | Igjen informasjon om mogleg etterbruk |
| | | | |
| | Samla Vurdering | | |
| | | Det er ikkje kartlagd store konfliktar i området, men ressursen er truleg liten og ein har lite kunnskap om den. Har vore inne i kommuneplanens arealdel sidan 2006 utan å bli realisert.<br><br>Tilrår å ikkje gå vidare med den i planarbeidet, og ta RS1 ut av kommuneplanens arealdel som råstoffutvinningsområde | |

# Pukk

## Ressurs1P /innspel 5 – Jøsneset







| | |
|---|---|
| Eigedom | Fleire bruksnummer på gnr 12, 13 og 15 |
| Storleik | Ca 1 300 daa |
| Kommuneplanens arealdel | Føremål: LNF<br>Faresone: aktsomhetskart steinsprang, snøskred, Jord og flomskred |
| Innspel | Ja, samsvarer med ressursen 1P.<br>Innsendar: Mibau Stema as (tidl. Norsk Stein) |
| Skildring av området. | Ligg nordvest på Jøsneset – i utmarksområde, men ikkje langt frå regulerte hyttefelt. Den fråflytta garden Morkjå 13/7,17 ligg midt i uttaksområdet – arealet ligg ute på eit nes, små knausar og høgdedrag opp mot 250 moh |
| NGU si skildring av ressursen | Hovudbergart: Gneis. Betyding: Nasjonal. Tatt prøve.<br>Mulig nytt ressursområde, kystnær beliggenhet med mulighet for etablering av utskipningskai som kan levere masser regionalt |

| Nr | KU-kategori | Konfliktgrad | Vurderingsgrunnlag |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Hovudsakleg skog. Eit område med fulldyrka jord og innmarksbeite nordvest i lokaliteten, om lag 13 daa dyrka if AR5. |
| 2 | Skogbruk | | Lauvskog og blandingsskog med varierande bonitet og parti med granskog. |
| 3 | Naturverdier/ Naturmangfald | | Viltområde for rådyr i utkanten av lokaliteten.<br><br>Det er kartlagd naturskog i deler av området<br><br>600m frå INON område. Vil bli redusert. Fleire registrering av raudlisteartar/artar av nasjonal forvaltningsinteresse nær Døvika (m.a. skoddelav, kort trollskjegg, blåstarr). Ikkje innanfor ressursområdet<br><br>Viktig naturtype Nordvendte kystberg og blokkmark (svært viktig), Døvikdalen aust – like utanfor innspelsområdet.<br>Myrar og tjern i innspelsområdet.<br>Ikkje utført NiN naturkartlegging |
| 4 | Vilt | | Del av rådyr-og hjortevald |
| 5 | Landskap/ Kulturlandskap | | Landskapstype: Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områdeț/Kupert ås- og fjellandskap under skoggrensen. Ikkje registrert i «Vakre landskap Rogaland».<br><br>Terrenget er knausete, og ligg relativt høgt ift fjordlandskapet, opp mot 250 moh, og eksponert mot fjorden. Dersom heile lokaliteten blir tatt ut vil det få vesentleg negativ landskapskonsekvens |
| 6 | Vannmiljø | | Fleire bekkedrag og våtmarksområde |
| 7 | Kulturminner | | Ingen registrerte kulturminne |
| 8 | Friluftsliv | | To merka turstiar i området, turpost Høgafjell, lokalt viktig |
| 9 | 100-m beltet | | Deler av lokaliteten ligg i 100metersbeltet. |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br><br>Støy, støv, rystelsar mm. | | Bustadhus (nytta som fritidsbustad) i Morkjå ligg inne i innspelsområdet. Om lag 200 meter til næraste bustadhus på 16/3 og 500 m til tunet på Åsland. Ein del hytter i nærområdet i vest/sørvest.<br><br>Det er starta opp planarbeid for utviding av hyttefelt i nærleiken av brotet, R189 Knutsvik hyttefelt |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 11 | Nærmiljø/<br>Transport | | Det er opplyst at uttransportering av masse hovudsakleg kan skje nordover via sjøvegen. Men truleg òg behov for vegtilkomst frå landsida (person, vare, utstyr) - evt utbetring av eksisterande fylkesveg gjennom bygda, og/eller etablering av ny veg mot uttaksområdet. |
| 12 | Trafikk-sikkerhet | | Ikkje massetransport gjennom bygda.<br><br>Ikkje g/s-veg langsmed fylkesvegen/Jøsnesvegen |
| 13 | Anna infrastruktur<br>Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Ikkje noko registrert innanfor ressursområdet |
| 14 | Grunnforhold/<br>marin grense | | Områder innanfor aktsemdområde kvikkleire langs sjøen, dvs kun mindre deler av innspelsområdet. |
| 15 | Flaum/skred | | Delar av område ligg i aktsemdsone snø- og steinskred.<br><br>Ikkje registrert flaumfare i området |
| 16 | Beliggenhet/<br><br>Framkomst | | Ifl Mibau ligg arealet praktisk til pga nærleik til sjø, uttransportering med skip. Ikkje informasjon korleis ev anna transport skal kunne skje. Det er ikkje opparbeida køyreveg til uttaksområdet (kun skogsveg) |
| 17 | Andre næringsinteresser | | Oppdrettsanlegg i sjø like aust for uttaksområdet.<br>Fiskeområde FO13 like utanfor ressursområdet<br>Ikkje anna næringsverksemd enn landbruk |
| 18 | Naturressurs | | Nasjonalt viktig |
| 19 | Etterbruk | | Heilt uavklart korleis området skal kunne nyttast og sjå ut etterpå. Har for lite informasjon om brotet |
| | | | |
| | **Samla vurdering** | | |
| | | Dette er ein ressurs av nasjonal interesse. Samstundes viser konskevensutgreiinga at det vil kunne bli svært store konsekvensar ettersom innspelsområdet er så stort, og ein opnar opp i eit heilt nytt/urørt område, og | |

| | | |
|---|---|---|
| | | det er andre arealbruksinteresser i/rundt området. Det er td mange hytter i Knutsvikområdet, og uttaksområdet ligg eksponert heilt vest på halvøya Jøsneset.<br><br>Det er kome mange merknader/protestar til innspel om steinbrot her.<br><br>Elles har ein svært lite informasjon/kunnskap både om ressursen og om korleis Mibau sine uttaksplanar kan bli. Dermed har ein òg lite kunnskap om moglege konsekvensar på dette tidspunkt. Kva med etterbruk, infrastruktur, omfang/uttaksmengd, behov for veg ?<br><br>Ettersom ressursen er nasjonalt viktig og det føreligg eit konkret innspel, tilrår ein førebels å gå vidare med lokaliteten, nettopp for å få meir kunnskap og nærare utgreiingar.<br><br>Alternativ kan vere å vurdere å leggje inn omsynssone i kommuneplanens arealdel som sikrar ressursen |

## Ressurs 7P – Dyneneset - Hjelmeland






| | |
|---|---|
| Eigedom | 64/2 |
| Storleik ressurs | 227 daa |
| Kommuneplanens arealdel | LNF |
| Innspel | Nei |
| Skildring av området. | Landbruksområde på Kleppa med beite/fulldyrka/skog |
| NGU si skildring av ressursen | Hovudbergart: Granitt. Betyding: Nasjonal. Tatt prøve.<br>Meget god ressurs, kystnær beliggenhet med mulighet for etablering av utskipningskai som kan levere masser regionalt. 2 km sørvest for Hjelmeland. Bergarten i området er en granitt/gneis (grunnfjell). Området er relativt flatt og strekker seg fra sjøen opp til 80 m o.h. Det er kort avstand til veg. Det mulige uttaksområdet ligger nær bebyggelse, 100-150 m fra nærmeste hus/hytte. |

| | Tema | Konflikt grad | Vurdering |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Ein del innmarksbeite. Berører utkant av dyrka mark heilt vest i området. |
| 2 | Skogbruk | | Lauvskog med høg bonitet i delar av området. |
| 3 | Naturverdier/ naturmangfald | | Ingen registrerte verneverdiar i området, men marint naturmangfald i form av ålegras i sjøen utanfor. |
| 4 | Vilt | | |
| 5 | Landskap/kulturlandskap | | Landskapstype: relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder. Ikkje kartlagd i Vakre Landskap Rogaland. Mange steingardar. Uttaksområdet ligg svært eksponert til ift den opne/vide fjorden |
| 6 | Vannmiljø | | Renn ein bekk gjennom området til sjø |
| 7 | Kulturminner | | Ingen registrerte |
| 8 | Friluftsliv | | Ingen kjende turstiar. Bratt strandsone |
| 9 | 100m-beltet | | Delar av førekomsten ligg i strandsona |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, støv, rystelsar mm | | Om lag 80m til tunet på Kleppa, og om lag 200 m frå bustader på Puntsnes. |
| 11 | Nærmiljø/Transport | | Vil truleg vere mest aktuelt å uttransportere via sjø. Ikkje kjøreveg (kun skogsveg) til området i dag, men kort avstand til RV13. |
| 12 | Trafikksikkerhet | | Viss ein skal transportere ut via kjøreveg, så kjem ein direkte til RV 13. Sjøtransport er trafikktrygt ift andre brukarar |
| 13 | Anna infrastruktur<br>veg, vann, avløp, høgspent | | Kommunal vannledning gjennom området. |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Mindre del av området er registrert i aktsomhetskart for kvikkleire, ein større del har molegheit for marin leire |
| 15 | Flaum/skred | | Ikkje registrert flaumfare. Ein mindre del mot sjø inngår i fareområde for snø- og steinskred. Det utgjer truleg ikkje stor utfordring |
| 16 | Beliggenhet/Framkomst<br>Avstand til næraste utskipingskai | | Om lag 17 km til utskipingskai i Årdal, men her er det truleg mest relevant å skipe ut direkte frå uttaksområdet |
| 17 | Andre næringsinteresser | | Mogleg konflikt med fruktdyrking/nært inntil uttaksområde på begge sider. Mogleg konflikt med framtidig næring i sjø , akvakultur |
| 18 | Naturressurs | | Nasjonal viktig |
| 19 | Etterbruk | | Heilt uavklart korleis området skal kunne nyttast og sjå ut etterpå. Ingen innspel. Har for lite informasjon om brotet. Mogleg framtidig næringsområde? |
| | | | |
| | Samla Vurdering | | |
| | | Dette er ein ressurs av nasjonal interesse. Samstundes vil det kunne bli store konsekvensar ettersom lokaliteten er såpass stor, og ligg direkte i strandsona eksponert frå | |

| | | |
|---|---|---|
| | | fjordlandskapet. Ein opnar opp i eit nytt område, og det er andre arealbruksinteresser i nærleiken og busetnad i nærleiken.<br><br>Ettersom det ikkje er innspel om uttak i området har ein svært lite informasjon/kunnskap både om ressursen og evt uttaksmetodar.  Dermed òg lite kunnskap om moglege konsekvensar på dette tidspunkt. Kva med etterbruk?<br><br>Fordi ressursen er nasjonalt viktig, tilrår ein førebels å gå vidare med innspelsområdet, nettopp for å få meir kunnskap/nærare utgreiingar.<br><br>Alternativ kan vere å vurdere å leggje inn omsynssone i kommuneplanens arealdel som sikrar ressursen |

## Ressurs 8P – Dalevika - Randøy







| | |
|---|---|
| Eigedom | 93/1 |
| Storleik ressurs | 227 daa |
| Kommuneplanens arealdel | LNF<br><br>Fiskeområde FO24 i sjø utanfor ressursområdet |
| Innspel | Nei |
| Skildring av området. | Området ligg litt sør for Randøy bru. Består av skog/utmark. Fylkesveg Randøy Ring går gjennom området |
| NGU si skildring av ressursen | Hovudbergart: Granitt. Betyding: Lokal. Tatt prøve<br>Prøven er tatt langs en veiskjæring. Åsryggen nord for prøvepunktet er egnet for uttak. Overdekningen i området er moderat. Berggrunnen i området varierer, og domineres av gneis. Innenfor den prøvetatte vegskjæringen, opptrer en kvartsittisk bergart. |

| | Tema | Konflikt grad | Vurdering |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Hovudsakleg skogsområde. Kun 5-6 daa fulldyrka mark innafor området, ligg i utkant av ressursen kan truleg unngås. |
| 2 | Skogbruk | | Bratt , barskog, låg bonitet. |
| 3 | Naturverdier/ naturmangfald | | Naturtype hule eiker og funn av fleire raudlista arter like ved (utanfor lokaliteten). Registrert hul eik og raudlista fuglar innanfor lokaliteten i sør |
| 4 | Vilt | | Del av hjorte-og rådyrvald, men mindre del av eit stort «bakland» |
| 5 | Landskap/kulturlandskap | | Landskapstype: Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder. Registrert som del av Viktig landskap i Rogaland: Fisterøyene. Del av nasjonal registrering av kulturlandskap – område med stor verdi. Ressursen ligg på ein kolle, og området er relativt eksponert frå fjorden/sundet. |
| 6 | Vannmiljø | | Renn bekk til sjø gjennom førekomsten. |
| 7 | Kulturminner | | Ingen registrerte |
| 8 | Friluftsliv | | Ingen registrerte turstiar. Ev av lokal karakter. Tilgjengeleg strandsone? |
| 9 | 100m-beltet | | Delar av ressursen ligg innanfor 100metersbeltet |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, rystelsar, støv mm | | 250 m frå tunet på Dale. Ein del hytter på austsida av sundet, og nokre hus. |
| 11 | Nærmiljø/Transport | | Lokaliteten ligg ved fylkesveg 4680. Transport langs smal veg utan g/s veg gjennom bustadområde (Askvik/Hundsnes eller Fister) fram til Rv 13.<br>Alternativ, dersom ressuren mellom Fv og sjø òg skal tas ut, kan direkte utskiping vere aktuelt |
| 12 | Trafikksikkerhet | | Ikkje g/s-veg langsmed fylkesvegen |
| 13 | Anna infrastruktur<br>veg, vann, avløp,høgspent | | Fylkesvegen går midt gjennom ressursområdet. Alternativ uttak kan vere å ikkje ta ut den delen mellom fylkesveg og sjø. |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Del av lokaliteten som ligg på nedsida av fylkesvegen ligg i aktsemdområde for kvikkleire. |
| 15 | Flaum/skred | | Flaumfare langs elv/bekk vest i lokaliteten. Delar av området ligg i aktsemdkart for snøskred. |
| 16 | Beliggenhet/Framkomst<br>Avstand til næraste utskipingskai | | Fylkesvegen går gjennom førekomsten. 22 km til Årdal. Ev direkte utskiping ? |
| 17 | Andre næringsinteresser | | Ca 600 m luftlinje til Hetlevik glamping. Usikkert kor mykje påverknad. Kjem an på uttaksmengd.<br>Fiskeområde FO24 i Dalevika like utanfor |
| 18 | Naturressurs | | Lokal |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 19 | Etterbruk | | Usikkert kva arealet kan nyttast til etterpå? Reetablering av skog? Næringsområde? |
| | | | |
| | Samla Vurdering | | |
| | | Det er ein del konfliktpotensiale knytt til lokaliteten, td landskap, naturverdiar, andre næringsinteresser.<br><br>Ettersom ressursen er av lokal karakter, såpass usikker, og det ikkje er innspel, tilrår ein å ikkje ta den med vidare i planarbeidet. | |

## Ressurs 13P – Heståsen - Grønvik







| | |
|---|---|
| Eigedom | 85/3 |
| Storleik ressurs | 209daa |
| Kommuneplanens arealdel | LNF |
| Innspel | Nei |
| Skildring av området. | Landbruksområde med skog/utmark |
| NGU si skildring av ressursen | Hovudbergart: Auge-gneis. Betyding: Lokal. Tatt prøve<br>Prøve teke i vegskjering langs ein mindre veg til eit hyttefelt. Mogleg uttaksområde i åsen mot nord for prøvepunktet. Ein del busetnad langs fjorden vil vanskeleggjer utskiping |

|  | Tema | Konflikt grad | Vurdering |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk |  | Ingen jordbruksområder innafor ressursområdet |
| 2 | Skogbruk |  | Barskog. Impediment i øvre delar, høg – særs høg bonitet i kantsonene. |
| 3 | Naturverdier/ naturmangfald |  | Det er kartlagd naturskog i deler av området. Ingen registreringar,lite karlagd |
| 4 | Vilt |  | Del av eit elg, hjorte-og rådyrvald, men mindre del, større «bakland» |
| 5 | Landskap/kulturlandskap |  | Landskap: Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder. Markant ås. Uttakshøgd ca 60 m, vil bli tydeleg sår i landskapet - eksponert frå fjorden. |
| 6 | Vannmiljø |  | Ingen større vassførekomstar innanfor lokaliteten |
| 7 | Kulturminner |  | Ingen registrerte kulturminner |
| 8 | Friluftsliv |  | Ingen registrerte turstiar, i såfall av lokal karakter.<br>Klatrevegg |
| 9 | 100m-beltet |  | Ressursen ligg utanfor 100metersbeltet. |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, rystelsar, støv mm |  | Næraste bustadhus er 50-100 meter frå førekomsten. Spreidd busetnad med fleire bustadhus nært førekomsten. Nært til regulerte hyttefelt. |
| 11 | Nærmiljø/Transport |  | Dersom det skal uttransporterast til næraste utskipingskai, som er i Årdal, vil ruta bli lang og gå gjennom bustadområder på Fister.<br>Også konfliktfylt dersom det skal skipast ut lokalt. |
| 12 | Trafikksikkerhet |  | Dersom uttransportering skjer til Årdal: Transport langs fv 4674 fram til Rv 13. Fylkesvegen langs Fisterneset og gjennom Hetlandsbygda er smal og utan g/s veg. |
| 13 | Anna infrastruktur<br>veg, vann, avløp, høgspent |  | Kraftlinje i sørkant av ressursområdet. |
| 14 | Grunnforhold/marin grense |  | Lokaliteten ligg over marin grense og utanfor fare for marin leire. |
| 15 | Flaum/skred |  | Lokalt fare for stein- og snøskred i utkanten av lokaliteten mot vest. Ingen registrert flaumfare. |
| 16 | Beliggenhet/Framkomst<br>Avstand til næraste utskipingskai |  | Kort veg til offentleg veg, fylkesveg. Men omlag 18 km til Årdal. |
| 17 | Andre næringsinteresser |  | Landbruk/fruktdyrking |
| 18 | Naturressurs |  | Lokal |
| 19 | Etterbruk |  | Usikkert kva arealet kan nyttast til etterpå? Reetablering av skog? Næringsområde? |
|  |  |  |  |
|  | Samla Vurdering |  |  |
|  |  |  |  |

| | | |
|---|---|---|
| | | Det er ein del konfliktpotensiale knytt til lokaliteten, som td landskap, nærmiljø, transport/trafikktryggleik<br><br>Ettersom ressursen er av lokal karakter, såpass usikker, og det ikkje er innspel, tilrår ein å ikkje ta den med vidare i planarbeidet |

## Innspel 4 – Vadla - Jøsenfjorden







| | |
|---|---|
| Eigedom/eigar | 27/1 |
| Storleik ressurs | 320daa |
| Kommuneplanens arealdel | LNF<br>Faresone: aktsomhetskart steinsprang, snøras |
| Innspel | Ja, frå grunneigar. Ønskjer å utvide pågåande masseuttak og inkludere uttak frå fjell. Ikkje levert KU |
| Skildring av området. | Skog/utmark. Grenser inntil eksisterande uttak i sør |
| NGU si skildring av ressursen | Ligg ikkje i ressurskartet til NGU |

| | **Tema** | **Konflikt grad** | **Vurdering** |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Eit lite område med innmarksbeite, elles består lokaliteten av skog og open fastmark. |
| 2 | Skogbruk | | Hovudsakleg barskog med høg bonitet, noko open fastmark og barskog – impediment. |
| 3 | Naturverdier/ naturmangfald | | Lite kartlagd område. Kan vere potensiale for naturverdiar, td ifm myr, vassdrag, skog:<br>Det er kartlagd naturskog i deler av området. Fleire punktregistrering av ask (raudlista, art av nasjonal forvaltningsinteresse) i utkanten av eksisterande regulert uttaksområde – mot utvidingsområdet. |
| 4 | Vilt | | Del av rådyr, elg og hjortevald – men mindre del av større område/ «bakland» |
| 5 | Landskap/kulturlandskap | | Markant ås i fjordlandskapet, lokalt viktig landskapselement. Konsekvens avheng av omfang av uttak<br><br>Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder. Ikkje registrert som særskild verdifullt, ingen synlege kulturlandskapselement. |
| 6 | Vannmiljø | | Elva Kvernåna i utkanten av lokaliteten med utløp til Jøsenfjorden. |
| 7 | Kulturminner | | Ingen registrerte kulturminner |
| 8 | Friluftsliv | | Tursti aust i området; Åsen Tysdal, lokalt turmål |
| 9 | 100m-beltet | | Lokaliteten ligg ikkje i 100metersbeltet. |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø | | 300 meter til bustadområde Melandsmoen. Om lag 100 meter til regulert hyttefelt Melandsmoen/Vadla (ikkje utbygd) |
| 11 | Nærmiljø/Transport | | Uttransport er forventa å skje via eksisterande uttaksområde. |
| 12 | Trafikksikkerhet | | Ikkje lang transportveg, ca 2,5 km, men ikkje g/s-veg |
| 13 | Anna infrastruktur<br>veg, vann, avløp,høgspent | | Ingenting registrert. |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Forelått utvidingsområde ligg over marin grense og utanfor område registrert med fare for kvikkleire. |
| 15 | Flaum/skred | | Aktsemdområde flaum i utkanten av ressursen mot nord og aust.<br>Delar av lokaliteten ligg i aktsemdområde for snøskred og steinsprang. |
| 16 | Beliggenhet/Framkomst<br>Avstand til næraste utskipingskai | | Kort veg til utskipingskai, Lundaneset |
| 17 | Andre næringsinteresser | | Kjenner ikkje til anna pågåande/planlangd næring |
| 18 | Naturressurs | | Har ingen kunnskap/informasjon om ressursen |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 19 | Etterbruk | | Usikkert kva arealet kan nyttast til etterpå? Reetablering av skog? Næringsområde? |
| | | | |
| | **Samla Vurdering** | | |
| | | Det er ein del konfliktpotensiale knytt til lokaliteten, ma knytt til landskapsinngrep og nærmiljø. Ettersom den ikkje er registrert som ein ressurs av NGU, og det heller ikkje er levert inn ny dokumentasjon på ressursen, tilrår ein å ikkje ta den med i det vidare planarbeidet. | |

## 16P - Sandanger, Randøy







| | |
|---|---|
| Eigedom | 91/2 |
| Storleik ressurs | 5 daa |
| Kommuneplanens arealdel | LNF – spreidd bustad<br><br>Gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel til uttak gjeldande fram til 1.1.2022 |
| Innspel | Nei |
| Skildring av området. | Liten knaus nær tun på 91/2, tett inn til fylkesveg 4680.<br>Påbegynt uttak |
| NGU si skildring av ressursen | Ikkje kartlagd |

| Nr | KU-kategori | Konflikt grad | Vurderingsgrunnlag |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Delvis innmarksbeite |
| 2 | Skogbruk | | Kun litt lauvskog på knausen |
| 3 | Naturverdier/ Naturmangfald | | Ikkje noko kartlagd |
| 4 | Vilt | | |
| 5 | Landskap/ Kulturlandskap | | Inngår i « Fisterøyene og vestlige deler av Fogn», Verdi nasjonalt viktig landskap jf. Vakre landskap Rogaland |
| 6 | Vannmiljø | | Ikkje vassdrag. |
| 7 | Kulturminner | | Sefrak-registrerte bygg i tunet like ved |
| 8 | Friluftsliv | | |
| 9 | 100-m beltet | | |
| 10 | Nærmiljø/bomiljø<br>Støy, støv, rystelsar mm. | | Uttaket ligg direkte inn mot våningshuset i tunet og 30-50 m frå anna bustad og hytte. |
| 11 | Nærmiljø/ Transport | | Uttaket ligg direkte inn til fylkesveg 4680 |
| 12 | Trafikk-sikkerhet | | Uttransportering på fylkesvg 4680 utan gang og sykkelveg |
| 13 | Anna infrastruktur<br>Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Ingenting registrert |
| 14 | Grunnforhold/marin grense | | Ikkje fare for kvikkleire. Fast fjell.<br>Ligg i kanten til marin grense. |
| 15 | Flaum/skred | | Ingen registrert flaum og/eller skredfare |
| 16 | Beliggenhet/<br>Framkomst | | Direkte køyretilkomst |
| 17 | Andre næringsinteresser | | |
| 18 | Naturressurs | | Ingen opplysningar frå NGU |
| 19 | Etterbruk | | Tilbakeføring til landbruk |
| | | | |
| | Samla Vurdering | | |
| | | Delar av ressursen er allereie tatt ut. Vidare drift vil krevje nytt vedtak.<br><br>Ressursen er liten, og har relativt få konfliktpotensiale. Uttak i ressursen er påbegynt, men ikkje sluttført innan frist gitt i dispensasjonsløyve. Vil vere relevant å vurdere vidare i planarbeidet. | |

# Grus og sand

## Ressurs1G og innspel 3 samt del av innspel 1 og 2 – Jøsenfjorden – gnr 27/5 og 28/6

Ressurs frå NGU – 1G:




Kommuneplanens arealdel






| | |
|---|---|
| Eigedom | Eigedomar på gbnr 27/5 og gbnr 28/6 |
| Innspel 3 | Gjeld både 27/5 og 28/6. Innspel 3(frå Heidelberg Materials) overlappar del av innspel 1 og 2 (frå grunneigarane). Er levert KU på innspel 3 frå Heidelberg Materials. |
| | |
| Kommuneplanens arealdel / Reguleringsplan | Kommuneplanens arealdel: LNF |
| Skildring av området. | Storleik på innspelsområdet: 164 daa. Ressursen ligg på nordsida av FV 4702, og strekk seg frå tunet på 27/5 til Melandsmoen bustadfelt, 19 regulerte bustader. Kvernåna renn gjennom lokaliteten<br><br>Det er innspelområdet som blir konsekvensutgreidd |
| NGU si skildring av ressursen | Gjeld heile 1G: Liten breelvavsetning med sortert materiale av sand, grus og stein. En stor del av forekomsten er utdrevet, men det er en del masser igjen. Materialet synes godt egnet for knusing og foredling til vegformål. |

| Nr | KU-kategori | Konfliktgrad | Vurderingsgrunnlag |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Mesteparten av arealet er fulldyrka og beite. Ulempe for landbruket under drift, men moglegvis betre arrondering på sikt. |
| 2 | Skogbruk | | Lite skog, mest lauvskog/kantsoner frå elv |
| 3 | Naturverdier/ Naturmangfald | | Raudlista/art av nasjonal forvaltningsinteresse: ask langs elva. Sentrale deler av området er kartlagd etter Miljødirektoratets instruks, med registrering av fleire naturtypar: naturbeitemark, seminaturleg våteng og edellauvskog – med verdisetting middels-stor verdi. Området ligg innanfor areal kartlagd som geologisk arv, Vadla. |
| 4 | Vilt | | Del av elg, rådyr og hjortevald – men mindre del av større «bakland» |
| 5 | Landskap/ Kulturlandskap | | Uttak vil øydeleggje den naturlege terasseringa i landskapet. |
| 6 | Vannmiljø | | Ikkje androme arter i Kvednåna, men i Ulla som Kvednåna renn ut i. |
| 7 | Kulturminner | | Ikkje registrert |
| 8 | Friluftsliv | | Lokal tursti Åsen-Tysdal går i nærområdet |
| 9 | 100-m beltet | | |
| 10 | Nærmiljø/bo miljø<br><br>Støy, støv, rystelsar mm. | | Fleire innanfor og i nærleiken av innspelsområdet + eksisterande hytte og planlagd hyttefelt i vest og eksisterande hyttefelt i aust (Skorpemyr) |
| 11 | Nærmiljø/ Transport | | Uttransportering via fylkesveg 4702, mot utskipingskai Lundaneset. Forbi barnehage. |
| 12 | Trafikk-sikkerhet | | Ikkje lang transportveg,ca 2km men det er ikkje g/s-veg |
| 13 | Anna infrastruktur Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Kommunal kilde/vannledning inne i ressursområdet.<br><br>Uavklart ift grunnvatn<br><br>Høgspent i sør |
| 14 | Grunnforhold /marin grense | | Heile ressursen ligg under marin grense |
| 15 | Flaum/skred | | Flaumsone langs Kvednåna . Ingen kartlagd skredfare med unntak av jord/flaum-skred i nedre del av Kvednåna |
| 16 | Beliggenhet/ | | Kort veg til utskipingskai Lundaneset. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Framkomst | | |
| 17 | Andre næringsinteresser | | Kjenner ikkje til at det andre pågåande/planlagde næringsinteresser |
| 18 | Naturressurs | | NGU uttaler at ressursen er godt eigna |
| 19 | Etterbruk | | Landbruk |
| | | | |
| | Samla vurdering | | |

Det vil vere utfordringar knytt til uttak her: pga bumiljø, naturmangfald, grunnforhold m.a.

Men det er ein godt eigna ressurs der det er kome eit konkret innspel, og det er mogleg det kan gjerast tilpassingar/tiltak for å avgrense ulemper.

Ein tilrår å gå vidare med innspel 3 i planarbeidet.

## Ressurs1G - del av innspel 2 Jøsenfjorden –28/1

Ressurs frå NGU – 1G:




Kommuneplanens arealdel:




| | |
|---|---|
| Eigedom | Eigedom gbnr 28/1 |
| Innspel 2 | Gjeld 28/1. Ligg innafor 1G. Ikkje levert KU. Innspel frå grunneigar |
| | |
| Kommuneplanens arealdel / Reguleringsplan | Kommuneplanens arealdel: LNF, Nåverande råstoff, spreidd bustad,<br>Reguleringsplan: R124 Masseuttak Vadla (omfattar òg nabobruk 27/1)<br>Konsekvensutgreiinga gjeld innspelsområdet. |

| | |
|---|---|
| Skildring av området. | Storleik: 156 daa. Ressursen ligg på nordsida av FV 4702, og omfattar heile garden inkl tunet. Store delar av innspelsområdet er alt i aktiv drift, og flaten nedanfor mot fylkesvegen er alt tatt ut.<br><br>Bustadfeltet Mælandsmoen med 19 regulerte bustadtomter ligg aust for innspelsområdet, med kommunal tilkomstveg gjennom |
| NGU si skildring av ressursen | Liten breelvavsetning med sortert materiale av sand, grus og stein. En stor del av forekomsten er utdrevet, men det er masser igjen. Materialet synes godt egnet for knusing og foredling til vegformål. |

| Nr | KU-kategori | Konfliktgrad | Vurderingsgrunnlag |
|---|---|---|---|
| 1 | Jordbruk | | Stort sett fulldyrka mark og ein del beite i skråningane. Ulemper for landbruksdrift i uttakstida; men arealet kan truleg tilbakeførast til landbruksjord/dyrka mark etter uttak |
| 2 | Skogbruk | | Ikkje registrert skog |
| 3 | Naturverdier/ Naturmangfald | | Registrerte raudlisteartar og artar av nasjonal forvaltningsinteresse i skråning mot Melandsmovegen. Delar av området går inn i areal registrert som geologisk arv. |
| 4 | Vilt | | Del av elg, rådyr og hjortevald – men mindre del av større «bakland» |
| 5 | Landskap/ Kulturlandskap | | Det er allereie tatt ut mykje masse i nærområdet, og landskapet er dermed alt vesentleg endra ift det opphavlege. |
| 6 | Vannmiljø | | Bekk gjennom området med utløp til Ulla |
| 7 | Kulturminner | | I området rundt tunet er det to store fornminneområde + Serfrakregistrerte bygg<br><br>I austre del av innspelsområdet er det ikkje registrert kulturminne |
| 8 | Friluftsliv | | Ingen direkte konflikt |
| 9 | 100-m beltet | | Vestre del av ressursen ligg i 100mbeltet, men med fylkesveg og bygg mellom. Austre del ligg utanfor. |
| 10 | Nærmiljø/bo miljø<br><br>Støy, støv, rystelsar mm. | | Eitt tun ligg inne i vestre del av ressursen; må fjernast/flyttast dersom ressuren blir tatt ut. Ulempe òg for butikk/ to bustadhus i vest og fire bustadhus i aust. Melandsmoen bustafelt ligg òg i nærmiljøet, ca 150 m frå austre del av ressursen. Tilkomstvegen til bustadfeltet går gjennom ressursen; må ev leggjast om |
| 11 | Nærmiljø/ Transport | | Må leggje om tilkomstveg inne i området |
| 12 | Trafikk-sikkerhet | | Uttransportering på fylkesveg mot Hauge bru, forbi barnehage, deretter på kommunal veg mot Lundaneset industrikai. Ikkje g/s-veg på strekninga. Same rute som det pågår massetransport på i dag. |
| 13 | Anna infrastruktur Veg, vatn, Avløp, høgspent | | Kommunal spillvannsledning gjennom området; må evt leggjast om. Kommunal tilkomstveg må leggjast om |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 14 | Grunnforhold /marin grense | | Heile området ligg i aktsemdssone for marin kvikkleire |
| 15 | Flaum/skred | | Austre del ligg i aktsemdsone for flaum, vestre der ligg i aktsemdsone for skred. |
| 16 | Beliggenhet/<br>Framkomst | | 2 km til utskipingskai Lundanes |
